



Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Postboks 2233 Postboks 2233
3103 TØNSBERG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/598 - 14/9613

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

08.09.2014

Søknad om å verte årets barne- og ungdomskommune 2014

I Radøy har me visjonen «Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle». Målet er at alle skal ha moglegheit til ei god framtid. Kommunen satser sterkt på at barn og unge skal ha gode og trygge oppvekstvilkår, og at alle skal ha høve til å kunne utvikle seg sånn som de ynskjer. Kommunen, politikarar og frivillig sektor fokuserer på å engasjere unge, og få dei til å delta meir i lokalmiljøet. Det er godt samarbeid på tvers av etatar, og mellom kommunen og frivillige sektor der alle arbeider saman mot eit felles mål. Kommunen har sett i gang eit prosjekt som vert kalla La linea, som er eit kvalitetssystem for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet innan oppvekstsektoren i kommunen. Prosjektet har fokus på tidleg innsats i alle ledd for å sikre at alle unge får god og tilpassa oppfølging gjennom heile oppveksten. Kommunen har dei siste åra hatt eit særleg fokus på uorganisert ungdom, og har fått mange unge meir aktiv, og gitt fleire tilbod som også uorganiserte ungdommar ynskjer å drive med.

Kommunen har eit aktiv ungdomsråd som det siste året har markert seg og vore aktive både politisk og i barne- og ungdomsmiljøa. Ungdomsrådet arbeider tett saman med kommunen, ungdomsklubben, ungdomskoordinator, idrettsrådet og andre lag om å få til det beste for barn og unge. Ungdomsrådet har også utmerka seg på fylket, der dei har to representantar i Ungdomens fylkesting i Hordaland. Nestleiareren i ungdomsrådet vart i januar 2014 vald som leiar i ungdommens fylkesting. I samband med grunnlovsjubileet har ungdommane hatt eit sterkt fokus på politikk og engasjement blant unge. Dei har arrangert fleire store arrangement, og har vist seg fram i lokalmiljøet og også i andre kommunar.

Ungdomsrådet ynskte å markere grunnlovsjubileumee og feire Radøy kommune sitt 50-års jubileum med eit stort demokratisprosjekt for unge i 2013 og 2014. Målet med prosjektet var å få unge i kommunen meir aktive i lokalsamfunnet, meir involvert i politikken, og finne metodar dei unge kunne bruke for å få stemmen sin høyr. Før valget i 2013 arrangerte ungdomsrådet ein politisk debatt for ca 180 ungdomsskulerelev, der ulike ungdomspolitikarar frå Hordaland deltok. Alle vidaregåande skulane i fylket har tilbod om debattar, men ikkje ungdomsskulane. Ungdomsrådet ville få dei yngre meir aktiv involvert og det var leiar og nestleiar i ungdomsrådet som styrte debatten. I samband med dette arrangementet hadde ungdomsrådet også ein kampanje mot ASK på ungdomsskulen, der representantar og ungdomskoordiatoren hadde foredrag om

digitalmobbing; med fokus på sletting av Ask-kontoar som er mykje brukt som ein mobbestasjon blant unge. Kampanjen gjekk over all forventning.

Ungdomsrådet vart med i eit internasjonalt prosjekt saman med ungdomsrådet i nabokommunen Austrheim. Saman skulle dei arbeide med ungdomsråd frå Latvia og Island (Aktiv ungdom). Målet med prosjektet var å lære korleis andre ungdomsråd i andre land arbeider og samarbeide om ulike metodar for å få stemmen til dei unge høyrte i sitt lokalmiljø. Ti representantar frå dei to ungdomsråda reiste på konferanse til Riga i Latvia hausten 2013. Der vart dei kjende med 20 ungdommar frå dei to andre landa. I Latvia delte dei erfaringar med kvarandre og tileigna seg kunnskap og metodar dei kunne ta med seg tilbake for å bruke i sine ungdomsråd og i sine ungdomsmiljø. Dei laga eit prosjekt som skulle gjennomførast heime i løpet av ein periode på seks månadar med tiltak som dei andre ungdomsråda hadde brukt i sine land. Prosjektet til ungdomsrådet i Radøy og Austrheim var: tacodialog med kommunestyret, stor demokratikonferanse og Grease-diskotek.

Tacodialog med kommunestyre. Alle representantane i ungdomsrådet deltok i prosjektet. I februar arrangerte ungdomsrådet ein tacodialog med politikarane. Dialogen starta med at representantane i ungdomsrådet og politikarane snakka og blei kjent over taco-spising. Deretter hadde ungdommane ein kafédialog med politikarane med tre sentrale tema valde av ungdommen i kommunen. Temaa var kommunesamanslåing, ungdomsmiljø og skulemiljø. Representantane hadde tatt med seg kommentarar frå sine medelevar. Tacodialogen vart ein flott metode å bruke for å få stemmen til ungdommane høyrte i viktige saker for barn og unge. Dette er noko begge partar ynskjer å ha kvart år og i oktober skal det gjennomførast ein oppfølgingsdialog.

<http://www.radoy.kommune.no/herleg-taco-dialog-mellom-ungdom-og-politikarar.5416121-299352.html>

<http://www.radoy.kommune.no/ungdom-paa-bana-om-kommunesamanslaaing.5431362-299352.html>

Demokratikonferanse. I mars 2014 arrangerte ungdomsråda ein stor demokratikonferanse i Radøyhallen for 300 elevar i ungdomsskulealder med støtte frå ungdomskoordinatorane i kommunane. Tre ungdomsskular frå to kommunar deltok på konferansen som gjekk over ein heil dag. Dagen starta med eit felles foredrag frå ein ungdomspolitikar om ungdomsdeltaking i samfunnet. Resten av dagen hadde ungdommane valt tema på førehand som: motivasjon og meistring, ungdomsdeltaking lokalt, fritidstilbod, kroppspress og utdanningsval. Ungdomsrådet hadde leigd inn dyktige foredragshaldarar til å ha foredrag om dei ulike temaa. På slutten av dagen styrte representantane saman med foredragshaldarane ein kafédialog/ gruppearbeid om dei ulike temaa. <http://www.nordhordland.no/nyhende/article7229878.ece>

Greasediskotek. Ungdomsrådet arrangerte Greasediskotek med rulleskøytedisko, pinjata og limbo dagen etter konferansen. På dagtid vart det arrangert gratis swingkurs for dei som ynskde å lære å danse. Kvelden starta med eit greasediskotek for psykisk utviklingshemma, og avslutta med eit rusfritt diskotek for ungdom mellom 13- og 18 år. Ungdommen ynskde å ha greasediskotek, for å markera at filmen rulla over kinolerretet same år som stemmeretten vart satt ned til 18 år. 150 ungdommar deltok på arrangementet, som representantar frå begge ungdomsråda og frå ungdomsklubbane stod bak.

Evalueringstur: For å avslutte det internasjonale prosjektet reiste ti ungdommar til Island på evalueringstur. Der la alle representantane fram prosjekta sine. Dei fekk besøke Alltinget og fekk treffe den Islandske presidenten. <http://www.radoy.kommune.no/supert-moete-med-presidenten.5470814-299352.html>

Tilbod til barn og unge. Fritidsaktivitetar er ein sentral del av kvardagen til dei unge. På Radøy har me eit stort og allsidig tilbod av aktivitetar for barn og unge. Lag og organisasjonar og andre frivillige står på for å gje dei unge eit bra tilbod på fritida. Korps og fotball står sterkt i lokalmiljøet, og i 2014 vann Manger skulemusikklag EM i skulekorps i Skottland. Kommunen og politikarane har dei siste åra hatt eit sterkt fokus på barn og for unge. Derfor vart det i september 2011 oppretta ei stilling som ungdomskoordinator, som skulle ha fokus på ungdomsarbeidet i kommunen, og gje også uorganisert ungdom eit tilbod. Ungdomskoordinatoren fungerer som eit bindeledd mellom kommunen og ungdommen, og samarbeider godt med ulike etatar som til dømes biblioteket, kulturavdelinga, barnevernet, skulane, foreldre og lag og organisasjonar.

Ungdommen på Radøy har vorte ei svært aktiv gruppe, som er synlege i lokalmiljøet. Det er ikkje berre ungdomsrådet som utmerkar seg, men ungdomsklubben har også vist at ungdommen engasjerer seg og er aktive. Ungdomsklubben har aktivitetar ein til to gongar i veka, og har omtrent 150 aktive ungdommar i 13-19-årsalderen. Klubben driv ulike aktivitetar som til dømes open hall, klubbkveld, kurs, filmkveldar, paintball-turnering og har også fleire større arrangement. Ungdomsklubben samarbeider med klubben i nabokommunen Austrheim om å arrangere større, rusfrie arrangement for heile Nordhordland, som til dømes halloween-party, skumparty, teaterkurs, leiarkurs og sommarball. Ungdommen er sjølv med og styrer aktivitetane som ungdomsvakter, der alle kan prøve seg. <http://framtida.no/articles/skumparty-og-demokrati>

Denne sommaren arrangerte ungdomskoordinatoren ein sommarcamp over fire veker der over 100 ungdommar deltok, som er ein fjerdedel av alle ungdommane på Radøy. <http://www.nordhordland.no/puls/article7477288.ece>

Lag og organisasjonar og ulike etatar i kommunen samarbeider gjerne med ungdomsklubben og ungdomsrådet om arrangement for barn, ungdom, psykisk utviklingshemma, flyktningar og for eldre. Idrettsrådet, kommunen og ungdommen samarbeider ofte om arrangement for unge, og i februar vart det arrangert ein idrettsgalla for å feire idretten i kommunen og at Radøy er 50 år. Ungdommen fungerte som konferansierar, stod for underhaldninga, styrte lyd og lys og sat i komiteen for premieutdelinga. <http://www.strilen.no/sport/Radoy-med-eigen-idrettsgalla-144517.html>

Ungdommen vert ofte tatt med i større prosjekt og i avgjersler både frå ulike etatar i kommunen og i frivillige sektor. Ungdommen vert brukt som 17.-mai talarar, unge arrangørar, står for underhaldning, og sit i ulike komiteer innanfor planarbeid. Ungdomsklubben og ungdomsrådet har vore med og arrangert fleire arrangement våren og sommaren 2014, som til dømes Sjødag for alle, med besøk frå redningsskøyta, trafikksikringsdag for ungdom med besøk frå trafikkskular, diskotek og filmkveldar for psykisk utviklingshemma, aktivitetsdag for flyktningar og rebusløp for dei yngste. Ungdommen samarbeider også godt med frivilligsentralen, der elevar frå ungdomsskulen våren 2014 hadde datakurs og kino for eldre. Ungdomens teatergruppe arbeider også tett saman

med biblioteket med arrangement for småbarn.

<http://www.radoy.kommune.no/elevane-inviter-te-seniorane-paa-kino.5491475-299352.html>

Radøy kommune driv eit inkluderande arbeid for både barn og ungdommar, men også blant nyinnflytta og svakarestilte i kommunen. Kommunen har eit sterkt fokus på uorganisert ungdom, og har dei siste åra fått mange ungdommar aktive, og gitt dei ulike tilbod som dei ynskjer å drive med. Ungdommen har stått på dette året og utmerka seg på ein glimrande måte. Difor vil eg som stolt ungdomskordinator nominere Radøy kommune til årets barne- og ungdomskommune 2014.

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Barne-, ungdoms- og
familiedirektoratet

Postboks
2233Postboks
2233

3103

TØNSBERG